

Innkalling til årsmøte for Bjerkreim Indremisjon og Bjerkreim bedehus, for 2010

tysdag 25. januar 2011, kl. 19.00
på Bjerkreim bedehus

Andakt ved Torgeir Lauvås

- Sak 1 – Val av møteleiar
- Sak 2 – Val av referent
- Sak 3 – Val av to til å skriva under protokollen
- Sak 4 – Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 5 – Årsmelding 2010 for Bjerkreim Indremisjon
- Sak 6 – Rekneskap 2010 for Bjerkreim Indremisjon
- Sak 7 – Årsmelding 2010 for Driftsstyret
- Sak 8 – Rekneskap 2010 for Driftsstyret
- Sak 9 – Val
- Sak 10 – Forslag til endring av vedtektene for bedehuset
- Sak 11 – Orientering om ombygginga av kjellaren og ev. omvisning
- Sak 12 – Evaluering av nettsida til bedehuset
- Sak 13 – Drøfting av arbeidet
- Sak 14 – Eventuelt

Vi ber kvar familie **ta med eit fat med litt å bita i**, så held vi kaffien. ☺

Velkommen!

(Du har røysterett på årsmøtet om du har betalt medlemskontingenten for 2010.)

Vedlagt ligg årsmeldingar for Indremisjonen og Driftsstyret,
framlegg frå valnemnda og forslag til vedtektsendring.
Rekneskapa for Indremisjonen og Driftsstyret blir lagt fram på årsmøtet.

ÅRSMELDING 2010 - for Bjerkreim Indremisjon

Årsmøtet for 2009 ble holdt på Bedehuset 26. januar 2010.

Styret i 2010 har vært:

Leder:	Kristian M. Refstie	Valgnemnd:	Torbjørn Gjedrem (1 år)
Nestleder:	Idar Sønstabø		Øyvor Sønstabø (2 år)
Kasserer:	Lars Arne Bakke (<i>frem til sommeren, etter dette har Jostein Røysland ivaretatt dette vervet</i>)	Varamedl.:	Lars Olaf Solberg (3 år)
Sekretær:	Torunn Ivesdal Gjedrem		Gudbjørg Bjerkreim
I driftsstyret:	Randi Apeland	Revisor:	Harald Søyland
1. varamedl.:	Reidar Moi (<i>fast i styret etter sommeren</i>)		
2. varamedl.:	Randi Soteland (<i>frem til sommeren</i>)		

Vi har i løpet av året hatt 7 styremøter og behandlet 34 saker.

Oversikt over møter arrangert av Indremisjonen:		
12. - 17. januar	Offeruke	Taler: Johan Halsne
26. januar	Årsmøte	Taler: Torgeir Lauvås
20. mars	Vinterbasaren (sammen med Egersund)	Taler: Torgeir Lauvås
1. april	Skjærtorsdagsmøte	Taler: Torgeir Lauvås
17. mai	17. mai fest	Festtaler: Kjell Erfjord
29. mai	Kretsmøte	Utsendinger: Lars Magne og Johan
23. juni	St. Hans med BKU på Gjedrem	Taler: Svein Sturla Tonstad
1. august	Søndagsmøte	Taler: ingen
22. august	Samlingsfest	Taler: Reidar Røyland
12. desember	Julesangkveld	Taler: Ida Husveg
26. desember	Juletreffest 2. juledag	Taler: Kjell Aardal

Ellers har arbeidet på huset vært drevet noenlunde som tidligere år. Jeg legger merke til at møteukene eller møteseriene blir kortere og kanskje færre enn tidligere. Vi lever i en travel tid der mye og mangt av aktiviteter legger beslag på tida vår. Jeg tror vi må være nøye med å bruke Bibelen, og la ordet - Guds ord få tid til å trenge inn og arbeide med oss. - Så det kan bli til åndelig mat for oss, og føre til fornyelse og vekst i kristenlivet hos oss. Lengre sammenhengende møteserier ville være en fin anledning til dette.

De forskjellige organisasjoner og lag har også i år lagt ned et stort arbeid for og blant sine medlemmer. Særlig har jeg lyst til å si takk til alle som villig har vært med i ett eller flere arbeidslag for barn og ungdom. Dette er vel noe av det viktigste arbeidet vi har her på huset. Stor takk til alle som på en eller annen måte er med, og jeg vil minne dere alle om å være i bønn for arbeidet. Kirka har også nyttet huset en god del på dagtid til dåpsopplæring og annet barne-, ungdoms- og konfirmantarbeid m.m.

Takk til styret for godt fellesskap og samarbeid, og til driftsstyret for godt tilrettelagte praktiske forhold og fint samarbeid.

Kristian M. Refstie

ÅRSMELDING 2010 - Driftstyret for Bjerkreim Bedehus

Styret for 2010 har vore fylgjande:

- Ivar Eldor Espeland Leiar
- Tone Reime Nestleiar
- Alf Helge Søyland Sekretær
- Børge Helland Styremedlem
- Randi Apeland Frå styret i Bj.indremisjon
- Jane Karin Sandstøl 1.varamedlem

Styret har hatt 4 styremøter og handsama 13 bokførte saker.

Ombygging av kjellar.

Årsmøtet 2009 vedtok ombygging av tidlegare barnehagelokaler. Byggekomiteen har vore: Børge Helland (leiar), Linn Stokkeland, Alf Helge Søyland, Jan Tore Apeland, Johan Bjerkreim, Magnus Helland/Knut Helland og Ivar Eldor Espeland (sekr.). Det vart brukt ein del tid på planlegging, og arbeidet kom i gang i september.

Nokre vegger til smårom er tekne ned, slik at det vert ei "stove" på ca 80 m² og 35 m² i tilbygget. Alle vegger og tak er plata på nytt eller målte, og golvet skal verta fliselagt. Kjøkkenet får ny innreiing med oppvaskmaskin (stimar), pizzaovn, og elles det som høyrer med. Det vert også tilrettelagt kiosk. Toaletta er på same plass, men heilt ombygde. Elles er nokre smårom tenkt som grupperom og lager. Desse er ikkje ombygde, berre måla på nytt. Det er sett opp eit kostnadsoverslag på ca.400.000 kr. Då er ikkje arbeid med. Dei største kostnadane er kjøkkenet og inventar og utstyr. Det er til nå løyvt tilskot og "øyremerka" gåver til prosjektet på til saman ca.110.000 kr.

Utearealet.

Leikeplassen til tidlegare barnehage er stort sett slik den har vore. Styret ønska å gjera dette arealet om, slik at noko kunne vorte brukt til parkeringsplass og næraste bedehuset ei sitjegruppe og ein mindre leikeplass. Men på grunn av arbeidet i kjellaren fann styret det rett å utsetja dette arbeidet som også ville kosta pengar.

Nytt piano.

Etter litt lang ventetid vart endeleg pianoet kjøpt. Kawai K5 til 60.000 kr.

Drift og vedlikehald.

Utanom arbeidet i kjellaren har det vore eit år med lite vedlikehald. Men det er ein stor innsats som vert gjort i det ordinære ettersyn og reinhald til ei kvar tid. Det er betalt vasking i kjellarstova. Ved utleige til selskap er det også leigd vaskehjelp. Dette fungerer godt.

Utleige av huset, og av bord, dukar og stolar er stadig aktuelt. Prisane på noko av dette er sett litt opp dette året.

Brannsikkerhet og HMS.

Bedehuset er pålagt eit omfattande arbeid med utarbeiding av instruksjer, kontrollar og dokumentasjon for å ha ein tilfredsstillande brannsikkerhet. Eit godt arbeid vert gjort av Ole G. Helland som er brannvernleiar. Det er ei stor utfordring i forhold til det offentlege sine brannsyn og stadige nye vurderingar.

Helse, miljø og sikkerhet (HMS) er ein del av dette arbeidet og set fokus på at ingen skal verta skada i bygget eller utanfor. Å vera påpasseleg med å strø når det er glatt er kan henda den største utfordringen.

Utfordringar framover:

- Ferdiggjering av kjellaren.
- Eventuell varmepumpe (kjellar – 1. etg.)
- Gjera om leikeplassen til meir eigna bruk.
- Flaumsikring mot elva.

Styret vil takka:

- Alle som vaskar og held reint i huset og vask av dukar.
- Ole Helland som er brannvernleiar.
- Terje Kåre Apeland som programmerar varmen.
- Magnar Edland som har utført ein god jobb med ettersyn og vedlikehald.
- Jostein Røysland som fører rekneskap.
- Bjarte Vassbø som har klypt plen.
- Alle som har delteke på dugnadsarbeid.
- Thea Mong som har vaskinga i kjellar og etter utleige.
- Indremisjonsstyret for godt samarbeid.

Røysland 3/1 2011, Ivar Eldor Espeland

Framlegg på kandidatar til indremisjonsstyret 2011:

Formann : Kristian Magnus Refstie (attval)

Styret: Torunn I. Gjedrem (attval)
Øystein Vassbø (ny)

Valde i fjor for 2 år: Randi Apeland
Idar Sønstabø

Varamedlemmer: 1. vara: Reidar Moi (attval)
2. vara: Kjell Arne Refstie (ny)

Framlegg på kandidatar til driftsstyret 2011:

Formann:

Styret: Børge Helland (attval)
Tone Reime (attval)
Tommy Christensen (ny)

Vald i fjor for 2 år: Alf Helge Søyland

Varamedlemmer: 1. vara: Jane Karin Sandstøl (attval)
2. vara: Torbjørn Moi (ny)

Revisor: Harald Søyland (attval)

Framlegg på kandidatar til valnemd 2011:

Øyvor Sønstabø – står frå før (1 år til)
Lars Olaf Solberg – står frå før (2 år til)
Jan Tore Apeland – (ny) (for 3 år)

Vara: Gudbjørg Bjerkreim (attval)

Vi har ikkje klart å finna formann til driftsstyret. Vi kjem derfor med framlegg om at driftsstyret sjølv fordeler ansvar og oppgaver seg imellom.

Alle kandidatane er spurde og har sagt ja.

Helsing frå valnemda

Torbjørn Gjedrem

Øyvor Sønstabø

Lars Olaf Solberg

Sak 10 - Forslag til endring av vedtektene for bedehuset

Følgjande brev er mottatt:

Til Bjerkreim Bedehus, ved Kristian Magnus Refstie

På årsmøtet i fjor kom eg med eit framlegg om å melda bedehuset ut av Indremisjonsforbundet. Då kunne det kanskje bli eit eigarforhold likt det dei har på Vikeså. Dette er vanskelig å endra, sidan det står i lovane at: "eigarforhold ikkje kan endrast". Eg kjem difor med framlegg om å ta bort dette loven (§ 5 c – sjå nedanfor).

Vennleg helsing

Leif Vinningland, 8/12-10
(sign.)

Jfr. § 5 b i vedtektene blir forslaget lagt fram til årsmøtet i 2011, og kan så handsamast på årsmøtet i 2012.

Utdrag frå vedtektene for bedehuset:

§ 1 *Bjerkreim bedehus tilhøyrrer Bjerkreim Indremisjon som står tilslutta Det Vestlandske Indremisjonsforbundet.*

§ 2 a) *Bedehuset skal i hovudsak brukast til å samle folk om Guds ord og misjonen. Tilgang til å nytta huset har dei som vedkjenner seg den evangelisk-lutherske lære. (ev. kan andre evangelisk konservative trussamfunn få leige huset etter spesiell søknad til styre).*

b) *Personar som lærer eller lever i strid med skrift og vedkjenning, kan nektast tilgang til å delta som leiarar eller talarar ved arrangement av kristne organisasjonar og lag.*

c) *Bedehuset kan og brukast til tilstellingar og foredrag av allmennyttig art som ikkje strir mot huset sin eigentlige karakter.*

d) *Ein kan ikkje nyte eller servere alkohol. Dans er ikkje tillate.*

e) *Når grupper, lag og foreiningar leiger/nytter huset, må ansvarleg leiar være tilstades.*

...

§ 5 a) *Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemmene.*

b) *Framlegg til vedtektsendring må vere sett fram på eit årsmøte for så å bli handsamma på det neste årsmøtet.*

c) *§ 1 og § 2 pkt. a kan ikkje endrast utan at det vert bygt nytt bedehus.*